



Notat

Dato: 24.07.2018
Arkivsak: 2014/14561-99
Saksbehandlar: evataul

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rikspolitisk føresegn for kjøpesenter

Kommunal- og moderniseringsdepartementet(KMD) meldte 1. juli 2018 at den rikspolitiske føresegna for kjøpesenter ikkje lenger er gjeldande. Føresegna tråtte i kraft 1. juli 2008 med varigheit på 10 år. Den vart iverksett som eit mellombels tiltak for å leggje til rette for ein sterkare regional samordning av politikk for etablering og utviding av større kjøpesenter. Det langsiktige målet med føresegna har vore å oppnå ein meir bærekraftig og robust by- og tettstadsutvikling og å avgrensa klimagassutslepp.

KMD understrekar at den nasjonale politikken ligg fast og at dei omsyna som den rikspolitiske føresegna ivaretok, no vert dekkja av dei statlege planretningslinene for samordna bustad, areal og transportplanlegging(vedlagt). Retningslinene dekkjer både arealbruk og lokalisering av handelsverksemd, andre publikumsretta private og offentlege tenestetilbod.

Dei statlege planretningslinene gjeld saman med mål, føresegner og retningslinjer i regionale planar i fylka. Det er ti fylker som har oppdaterte planar med regionale planføresegner for senterstruktur og handel; Oppland, Aust-Agder, Nordland, Rogaland, Vestfold, Troms, Hordaland, Telemark, Vest-Agder og Østfold.

I Hordaland gjeld mål, føresegner og retningslinjer frå Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel(Senterplanen) som vart vedtatt i 2014. Hovudmålet med planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggje til rette for vekst i heile fylket. Det er eit overordna mål at sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Dei regionale føresegnene i Senterplanen erstatta den rikspolitiske føresegna for kjøpesenter. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunar og private utbyggjarar. Tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegnene.

Regionale føresegner for arealbruk

Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå 10.12.2014 eller til punktet blir erstatta av føresegner i kommunal arealplan:

- 4.1 Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan.

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om bygge- eller rammeplan overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handlingsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.